


(23) SAMVEVEN (HUG OG HAND)

Tekst:
FREDDIE LANGRIND
Variasjon over svensk trad.
«Ålvsborgsvisan»

Vi høyrer om bemanningsreduksjonar, teknologi og stoppeklokker i omsorgs-
sektoren. Mange situasjonar kan berre løysast ved at nokon er til stades.

Rytmask (vevaktig)

Vi er i sam-vev-en, du og eg, som skug-ge-fren-dar på all-far-
veg med draum og ut-syn frå sa-me strand der dei har følg-je, hug og hand.



Vi er i samveven, du og eg,
som skuggefrendar på allfarveg,
med draum og utsyn frå same strand
der dei har følgje, hug og hand.

Og bae treng vi den tid vi har
til smil og blommar og gode svar,
og all den omsorg vi vil og kan,
vi er kvarandres hug og hand.

Vi treng til nærleik som den vi er,
ein enkel tanke, usjølvisk, skjær.
Og den er ekte og den er sann,
den gamle soge, hug og hand.

Vi er i samveven, du og eg,
den dag vi snublar i eigne steg
og fer i gløymske og uforstand,
då treng vi vørndnad, hug og hand.

Anbefaling til gitaristar:
Med capo i band 5 bruk E / E6